

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKS NR. 11/05790	DOK NR. 3
20 DES 2011	
ORG NR. 976057708	B66

VEDTEKTER

Nordisk Kunstnarsenter Dale

§1 ALLMENNE FØRESETNADER

Nordisk Kunstnarsenter Dale, tidlegare Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen i Sogn og Fjordane, kalla Senteret, er ei alminneleg, sjølvvegande stifting oppretta etter norsk lov av "23. mai 1980 nr. 11 om stiftelser med mer", på grunnlag av ein donasjon frå Thora og Oddleif Fagerheim.

§2 FØREMÅL

Senteret har som føremål å fremje og utvikle det nordiske samarbeidet innan områda biletkunst, arkitektur og design, gjennom verksemda som residenssenter.

§3 EIGEDOM OG GRUNNKAPITAL

3.1. Grunnkapitalen til stiftinga består av den donerte eigedommen Lidskjøl, g.nr. 63, br.nr. 185 og 186 (ca. 6000m²). I grunnkapitalen inngår oppførte bygningar som er eit bustadhus oppført i 1972, gjesteatelierbygg oppført i 1997, fem bueningar oppført i 1997 og eit mindre gjestehus oppført i 1998.

3.2. Verdien på eigedommen var NOK 1.680.000 i 1991.

§4 STYRET

4.1. Styret er det øvste organet i stiftinga. Stiftinga skal ha eit styre på minimum 3 og maksimum 6 medlemmer. Den norske staten vel styreleiar. Ut over det er styret sjølvsupplerande. Styreleiar blir vald for ein periode på fire år. Dei andre styremedlemmene blir valde for ein periode på tre år. Styreleiar må vere norsk statsborgar. Elles blir styremedlemmene rekrutterte frå dei andre nordiske landa.

4.2. Styret skal sjå til at verksemda blir driven i samsvar med føremålet til stiftinga. Styret vedtek budsjett, rekneskap, strategi og årsrapport. Styresaker blir vedtekne etter simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap tel stemma til styreleiar dobbelt. Styret tilset direktør for senteret.

§5 FINANSIERING

5.1. Den norske staten garanterer finansiering av drift og vedlikehald av Senterets oppførte bygningar i samsvar med avtalen av 16.09.1991 som ligg til grunn.

5.2. Senteret kan motta tildelingar, gåver eller andre verksemdsbidrag frå andre.

§6 ADMINISTRASJON


Direktørstillinga er eit åremål på seks år. Direktør er ansvarleg for dagleg drift av Senteret. Direktør rapporterer direkte til styreleiar. Direktør tilset resten av personalet.


§7 ANNA


7.1. Forslag til endring av Senterets vedtekter blir vedteke i styremøte. Endring av Senterets vedtekter blir gjennomført etter avgjerdene til Stiftingslova.

7.2. Ved bortfall av føremålet til stiftinga eller ved bortfall av Senterets driftsgrunnlag, skal stiftingskapitalen dekkje utgiftene i samband med stenginga av Senteret. Dersom Senteret blir stengt, skal ein leggje vinn på at Fjaler kommune tek over eigedom, utstyr og bygningar som stiftinga eig.

Dale i Sunnfjord 02.09.2011


Eli Borchgrevin
styreleiar


Stina Högkvist
styremedlem


Markus Degermann
styremedlem


Khaled Ramadan
styremedlem